

# KONTROLLUTVALET I VAKSDAL

## ÅRSMELDING 2015

---

### 1. SAMANSETNING AV UTVALET

#### **Medlemer**

Boris Groth (leiar)  
Linda U. Fossmark (nestleiar)  
Anny Bjordam Leiren  
Olav Jarl Bruvik  
Evelyn Boge

#### **Varamedlemer**

1. Bente Jorunn H. Sundheim
2. Norvall Bolstad
3. Frode O. K. Dyvik
4. Trine Simmenes
5. Jan Steinar Solheim
6. Dag Brekke
7. Aud Karin Sæterdal

#### **Medlemer frå hausten 2015:**

Boris Groth, leiar  
Bente Jorunn H. Sundheim, nestleiar  
Bjørg Aase Nottveit Hop  
Odd Jøran Oldervik  
Terje Davidsen

#### **Varamedlemer frå hausten 2015:**

1. Anny Bjordam Leiren
2. Roald Brekke
3. Olav Jarl Bruvik
4. Jeanette Eriksen
5. Ole Petter Lien
6. Frank Robert Aas
7. Britt Opheim

Sekretær: Roger F. Erlandsen, Askøy kommune

## 2. MØTEVERKSEMD

Utvalet har i 2015 hatt 3 møte, og det er registrert 9 saker.

Tilsette i kommuneadministrasjonen har møtt etter innkalling frå kontrollutvalet.

Representant frå Deloitte har ikkje fast møteplikt, men er til stades på møta enten etter eige interesse eller etter innkalling frå kontrollutvalet.

### SAKER UTVALET HAR HATT TIL HANDSAMING

#### a. Innstillingssaker

Som kommunen sitt kontrollorgan skal kontrollutvalet med bakgrunn i revisjonsmeldinga gje uttale om årsrekneskapen før han skal vedtakas av Kommunestyret.

I 2015 har kontrollutvalet fått seg førelagt følgjande rekneskap:

Rekneskap Vaksdal kommune for 2014.

Rekneskap Vaksdal Kommunale Arbeids og Opplæringscenter for 2014.

(AO-Senteret).

#### b. Saker i 2015

Sak	Møtedato	Sak nr
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2014	16.04.15	1/15
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER FOR 2014	16.04.15	2/15
FORVALTNINGSREVISJON HEIMETENESTA	01.10.15	3/15
SELSKAPSKONTROLL VAKSDAL KOMMUNE	01.10.15	4/15
ÅRSMELDING KONTROLLUTVALGET FOR 2014	01.10.15	5/15
BUDSJETT KU 2016	01.10.15	6/15
DELOITTE-KURS OM ARBEID I KONTROLLUTVALGET	01.10.15	7/15
DELOITTE-KURS OM ARBEIDET I KONTROLLUTVALGET	25.11.15	8/15
PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL	25.11.15	9/15

Det blei i 2015 ferdigstilt forvaltningsrevisjon av Heimetenesta, og det blei gjennomført selskapskontroll.

#### Forvaltningsrevisjon av Heimetenesta:

På bakgrunn av funn og vurderinger i revisjonen av Heimetenesta anbefalte revisjonen at Vaksdal kommune:

- Snarleg gjennomfører det planlagde arbeidet med revisjon av rutinar og prosedyrar
- Jamleg vurderer korleis heimetenesta brukar tida i arbeidet
- Arbeider vidare med å finne og sette i verk tiltak som kan bidra til å redusere sjukefråværet
- Vurderer om det er behov for å avklare nærare forvaltningskontoret sine oppgåver opp mot andre tenesteeiningar i kommunen

Blant medlemene i kontrollutvalet blei det uttrykt eit ynskje om meir informasjon i revisjonen om korleis brukarane oppfattar tenestene, og korleis dei ansatte oppfattar arbeidsdagane.

Rådmannen ynskja at revisjonen i større grad også hadde omtalt korleis eining for Heimetenesta er ein del av det heilskapelege tenestetilbodet pleie- og omsorg. Rådmannen hadde også ynskja at ho blei intervjuet.

#### Selskapskontrollen:

Revisjonen tilrødde at Vaksdal kommune set i verk fylgjande tiltak:

- Utarbeide ei eigarskapsmelding som jamleg blir oppdatert
- Formulere ein eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig
- Årleg informasjon til kommunestyret om eigarskapa til kommunen, slik at dei folkevalde er kjent med eigarskapsforvaltninga til kommunen
- Utarbeide retningsliner for utøving av styreverv som medverkar til å klargjere rolle og mandat
- Sikre at alle folkevalde og styrerepresentantar får tilstrekkeleg opplæring knytt til dei ulike aspekta ved eigarskapsforvaltning og styrearbeid
- Sørge for at styrerepresentantar blir registrert i Styrevervregisteret

Det blei bestilt prosjektplan for utarbeidinga av plan for forvaltningsrevisjon, og prosjektplan for utarbeiding av plan for selskapskontroll.

Nytt KU blei konstituert frå hausten 2015. Det blei holdt kurs om arbeidet i kontrollutvalet.

### **c. Saker som må følgjast opp i 2016**

Ferdigstille Plan for forvaltningsrevisjon, og Plan for selskapskontroll.

Foreta forvaltningsrevisjon i samsvar med Plan for forvaltningsrevisjon

Oppfølging av selskapskontroll og forvaltningsrevisjonsrapportar

Rekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune for 2015

Rekneskap og årsmelding Vaksdal Kommunale Arbeids og Opplæringscenter for 2015 (AO-Senteret).

Kontrollutvalet takkar for jobben Deloitte har utført som revisor. Kontrollutvalet takker for godt samarbeid med kommunen, og ser fram til eit godt samspel også i året som kjem.

Leiar for KU takkar medlemene for godt samarbeid og innsats i 2015.

**Dalekvam mai 2016**

### **KONTROLLUTVALET I VAKSDAL**

Boris Groth  
Leiar

Bente Jorunn H. Sundheim  
Nestleiar

Björg Aase Nottveit Hop  
Medlem

Odd Jøran Oldervik  
Medlem

Terje Davidsen  
Medlem